

Guatemala-prosjekt igang att

08.09.2010



Magne Fitjar planter i Guatemala.

**2009 var eit kvileår i Guatemala-prosjektet, men no i 2010 er dei i gang att. Det er uvisst kor lenge, opplyssar Magne Fitjar.
Ein delegasjon med 2 lærarar og 2 elevar var i Bøkerverkstaden ein kveld denne veka og hadde ei heilnorsk oppleveling.**

Prosjektet mellom Instituto Rural Santa Cruz Quixaya og KVV tok først til i 2007 og det er toårige tildelingar. Det fekk pengar i 2007 og 2008.

Prosjektet er finansiert av Vennskap Nord-Sør og heiter ELIMU, eit swahiliord som skal bety kjennskap og kunnkap. Andre europeiske land er også med i ELIMU. Det har som siktemål å leggja til rette for fellespedagogiske tema mellom ein skule i nord og ein i sør.

- Temaet har heile tida vore miljø og ved venskapsskulen vår er det søppel som ressurs og treplanting som ståri fokus. No er dei i ferd med å planta 2000 tre. Dessutan har dei nytta tomme plastflaskar hardstappa av snopepapir i betongtrapper, opplyser Fitjar.

- Og kva er tema her?

- Vi har konsentrert oss om søppelsortering i Kvinnherad, luftforureining i Bergen og lakslus. Andre tema som vi har teke opp er nasjonalparkar og vern av natur og utbreiing av nye artar, truleg som følge av klimaendringane.

Av Ola Matti Mathisen